



*Ryfylke skal vere ein region der
folk vil flytte til, bedrifter vil
etablera seg, og optimisme
pregar kvardagen.*

RYFYLKE IKS

Strategi 2026 – 2031



Innleiing

Ryfylke IKS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Suldal, Hjelmeland, Strand, Sauda og Sandnes (Forsand). Vi jobbar for å skape fleire arbeidsplassar, møte kompetansebehov og drive næringsutvikling i regionen, slik at Ryfylke blir ein attraktiv region der folk ønsker å bu og arbeide.

Denne strategien legg grunnlaget for arbeidet dei neste fem åra og skal vere eit verktøy for både Ryfylke IKS, styret, eigarkommunane og andre samarbeidspartnarane i og utanfor regionen. Strategien er utvikla gjennom intervju og dialog med næringsliv, kommunar og representantskapet, slik at den byggjer på lokale behov og prioriteringar.

1.0 Visjon

Visjon: Ryfylke skal vere ein region der folk vil flytte til, bedrifter vil etablera seg, og optimisme pregar kvardagen.

2.0 Posisjon og rolle


Ryfylke IKS skal vere bindeleddet mellom eigarkommunane, og sørge for effektivt samarbeid om næringsutvikling, rekruttering og mobilitet for å styrke heile Ryfylkeregionen. Vi skal vere ein tilretteleggjar, pådrivar og brubyggjar og ikkje ein operativ aktør på alle felt. Rolla er å samle aktørar, koordinere innsats og sikre framdrift i satsingane som har blitt peika ut.

For å lukkast med denne rolla må vi bli tydelegare i kommunikasjonen. Ei eiga kommunikasjonsstrategi er derfor utvikla for å synleggjere kva Ryfylke IKS står for og for å skape større forståing og tillit i regionen. Kommunikasjonsstrategien skal vere eit sentralt verktøy for å styrke Ryfylke IKS si rolle som samlande kraft, og for å sikre synlegheit, legitimitet og eigarskap hos innbyggjarar, næringsliv og eigarkommunar.

3.0 Verdigrunnlag

Strategien til Ryfylke IKS skal ikkje berre peike ut retning, men og seie noko om korleis vi arbeider og kva vi står for. Verdiane våre gir fundamentet, medan prinsippa viser korleis vi set dei ut i livet.

Våre verdier



Framtidsretta

Vi ser framover og legg til rette for berekraftig vekst, innovasjon og nye løysingar.



Truverdige

Vi byggjer tillit gjennom openheit, kompetanse og ansvar.



Inkluderande

Vi utviklar Ryfylke saman med kommunar, næringsliv og lokalsamfunn.

4.0 Prioriterte satsingar

Med utgangspunkt i FN's bærekraftsmål, særleg mål 8 (anstendig arbeid og økonomisk vekst), mål 9 (innovasjon og infrastruktur) og mål 17 (samarbeid for å nå måla), SWOT-analysen og representantskapet sine prioriteringar har vi definert desse satsingane:



Næringsarbeid

Dette styrker grunnlaget for vekst, samarbeid og attraktive lokalsamfunn.



Rekruttering

Framtida i Ryfylke byggjer på menneska som bur og arbeidar her.



Mobilitet

Dette er nøkkelen som opnar dører for arbeid, utdanning, handel og opplevingar.

4.1 Næringsarbeid

Ryfylke IKS skal styrke grunnlaget for vekst og utvikling ved å sikre betre tilgang på næringsareal, straum og infrastruktur. Næringslivet treng både kompetent arbeidskraft og attraktive bustader for å kunne rekruttere og vekse. Det er og behov for å stimulere til entreprenørskap og tiltrekke meir risikovillig kapital.

Satsinga skal bygge vidare på Ryfylke sine fortrinn innan havbruk, landbruk, industri og reiseliv, og støtte opp om nye løysingar som vidareforedling, digitale satsingar og gjenbruk av areal. Nettverk, møteplassar og tettare samarbeid med næringslivet blir avgjerande for eigarskap og gjennomføring av strategiske prosjekt.

4.2 Rekruttering

Tilgang på rett kompetanse og arbeidskraft er avgjerande for utviklinga i Ryfylke. Det krev attraktive bustader, trygge samferdselsløysingar og relevante utdanningstilbod som gjer det mogleg å bygge kompetanse lokalt. Rekruttering handlar og om å inkludere familiar og utnytte ressursane i heile befolkninga, samtidig som levande lokalsamfunn og gode møteplassar gjer regionen attraktiv å bu og arbeide i. Her er samarbeid mellom kommunar, næringsliv og utdanningsaktørar avgjerande for å lukkast.

4.3 Mobilitet

Regionen treng tryggare vegar, meir stabile kollektivløysingar og betre koplingar til resten av landet. Samstundes må transporttilboda tilpassast både fastbuande, næringsliv og reiseliv, slik at mobilitet blir ein styrke for framtidig vekst og busetjing. Ryfylke IKS skal vere ein pådrivar for framtidsretta løysingar som gjer det enklare, tryggare og meir effektivt å reise både internt i regionen og ut mot større marknader.

5.0 Overordna mål

Basert på dei prioriterte satsingsområda er dette dei overordna måla Ryfylke IKS skal arbeide med i perioden 2026-2031:

1. Styrke næringsarbeidet for å legge til rette for framtidsretta bransjar og attraktive lokalsamfunn
2. Styrke rekruttering og kompetansebygging i regionen
3. Forbetre mobilitetsløysingar for folk og varer
4. Stimulera til berekraftig utvikling gjennom samarbeid og innovasjon
5. Styrke kommunikasjon og posisjonering for å synleggjere Ryfylke IKS si rolle og verdi for regionen

6.0 Effektmål

Næringsarbeid

- Bidra til fleire nyetableringar og utviklingsprosjekt i regionen.
- Synleggjere og utvikle attraktive næringsareal og rammevilkår for investeringar.

Rekruttering

- Jobbe for betre tilgang på kompetanse og arbeidskraft i sentrale bransjar.
- Skape attraktive rammer som gjer at fleire unge og familiar vel å bu i Ryfylke.

Mobilitet

- Forbetre framkomst og tryggleik for folk og varer i regionen.
- Styrke og utvikle kollektiv- og transportløysingar som reduserer avstandsulempene.

Berekraft og samarbeid

- Gjere Ryfylke til ein arena for grøn omstilling og innovative løysingar.
- Styrke samhandling mellom kommunar, næringsliv og andre aktørar for å løyse felles utfordringar.

Kommunikasjon og posisjonering

- Gjere Ryfylke IKS tydelegare som bindeledd og pådrivar for utvikling i regionen.

7.0 Gjennomføring og oppfølging

Strategien er kompasset for Ryfylke IKS og blir følgt opp gjennom handlingsplan og kommunikasjonsstrategi. Desse gir konkrete tiltak og oppdaterast ved behov. Framdrift og måloppnåing blir rapportert årleg til styret og eigarkommunane.